

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 67

Utkommer hver måned

April 1936

Utgiver og redaktør:
Sogneprest Slaattelid
Davik

7. årg.

Bønn.

O Herre Jesus, jeg beder dig, vær mig nådig og vend ikke ditt åsyn bort fra mig, du som, da du forløste mig og led for mig, ikke vendte det bort eller skjulte det for spott og forhånelse. Amen.

Jesu kjærleik.

Mel.: Kom hit til mig.

Um alle møders hjarteblod
var flote saman til ei flod,
det var ein drope berre
imot det endelause hav
av evig kjærleik han oss gav,
vår Frelsar og vår Herre!

Um all den rædsla jordi ber
oss ringa inne som ein hér,
det var ein leik å kalla
mot Jesu djupe hjartegrut:
»Min Gud, kvi gjekk du frå meg du?»
So leid han for oss alle.

Eg klynger meg til krossen din,
eg skodar i di miskunn inn,
det største kjærleiks under!
Då rømer dauden med sin harm,
og livet renner i min barm
som sol i morgonstunder.

Frå Nynorsk salmebok.

Preken i Rugsund på fastelavens søndag 1901.

Av prost Eide.

Se — vi går op til Jerusalem! Med disse ord henvendte Jesus sig til sine disiple, da hans siste reise til Jerusalem stod forhånden. Og forat de skal vite at dette blir hans siste reise, føier han til: og alle de ting som er skrevne ved profetene skal full-

kommes på Menneskens sønn, ti han skal overgives til hedningene og bespottes og forhånes og bespyttes og de skal hudstryke og ihjelslå ham. Nogen *lystreise* blir det altså ikke. Tvertimot. Det er en reise til all den lidelse som et menneske overhovedet kan gjennomgå. En reise hvis mål er *døden*, den grufulleste og forsmedeligste død. — Det forunderlige er nu at skjønt Jesus altså på forhånd vet alt hvad der vil møte ham i Jerusalem, så drages han dog allikevel derop. Vi kan tenke oss at dersom det gjaldt nogen av oss, så vilde vi visstnok vegre oss for å foreta en sådan reise. Vi vilde undrage oss. Vi vilde drage til alle andre kanter, kun ikke til Jerusalem. Men med Jesus var det en annen sak. Han hadde visselig ikke mindre sky for alt smertefullt og forsmedelig enn nogen av oss. Men han hadde et rikere, varmere hjertelag enn vi. Han hadde en større offervillighet enn vi. Han var ikke kommen for å ha gode dager, — var ikke kommen for å la sig tjene, men for selv å tjene, — for å gi sitt liv som en gjenløsningsbetaling for mange. Det var kjærligheten som drev ham. Den hadde drevet ham til å forlate saligheten i himmelen og komme herved til forsakelse og lidelse. Den drev ham nu op til Jerusalem for å la fullbyrde på sig alt det som var skrevet ved profetene. Det var kjærligheten til oss, til dig og til mig og til alle andre arme, fortapte mennesker. Det var kjærligheten til oss som drev ham til frivillig å drage op til Jerusalem og ofre sitt liv forat han kunde gjøre oss til frelste mennesker her, til salige mennesker engang i Guds himmelske rike. Han søkte ikke sitt eget, men han søkte vårt, vår frelse og salighet. Med vår offervillighet forholder det sig noget anderledes. Vi kan bringe ofre, endog

store ofre, når det gjelder oss selv. Men når det gjelder andre, da blir vår offervillighet fattig og liten. Ja, endog når det gjelder oss selv blir vår offervillighet fattig og liten, når det gjelder å ofre noget av vår onde natur, vårt egensinn og vår egenkjærlighet, vår makelighet og forsømmelighet, våre lyster og begjæringer, våre laster og dårlige vaner. Vi vil så nødlig høre tale om det slags ofre. Vi er temmelig døde på det øre. Dersom Jesu hjerte hadde vært like trangt og lukket som vårt, og hans offervillighet like fattig og liten som vår, da vilde for visst vår lodd være lite misunnelsesverdige både her og hisset. Selv Jesu første disipler hadde såre vanskelig for å forstå offervillighetens og lidelsens nødvendighet og betydning. De forstod intet derav, står det i evangeliet, og denne tale var skjult for dem, og de forstod ikke det som blev talt. De var altså temmelig døde på det øre, de også. Derfor var det vel også de blev så fullstendig forvirret, da uværet endelig for alvor brøt løs. Da de så Jesus i fiendenes vold, tapte de ganske sans og samling av forferdelse. De flydde og forlot ham. De holdt sig skjulte innen lukkede dører av frykt for jødene. De var som skremte fugler i bur. — Det er ganske merkelig hvor sky menneskenaturen er for å ofre og lide. Når vi tenker tilbake på vårt liv, så har vi nok noen hver av oss våre minnelser om hvorledes vi mangen gang feigt og skammelig unddrog oss for å bringe det offer som krevdes av oss og unddrog oss for den lidelse som var uadskillelig forbunden med offeret. Vi kan bli tvungne til å ofre og lide. Hvor ofte hender det ikke? Hvor mange av våre ofre og lidelser har vel vært en frukt av hjertets frivillighet? La oss tenke oss om, og vi skal finne at det er ikke mange! Men det er ikke tvungne offer og tvungne lidelser Jesus ønsker å finne hos sine disipler. Han ønsker at hans disipler skal følge i hans fotspor, — at de skal ofre og lide av hjertets fulle frivillighet. Kun på den måte har vi den fulle rett til å bære disiplnavnet. Gud være lovet, at vi har en frelser som gjennom offer og lidelse er vel øvet i tålmodighet! Synet av disiplenes tungnemhet og mangel på forståelse av det tunge og alvorlige i kristendommen

har visselig voldt hans hjerte lidelser, der ikke må regnes blandt de mindre som han har båret for menneskers skyld. Og dersom hans kjærlige hjerte nu i himmelen har rum for nogen smerte, så kan visselig intet være smerteligere for ham enn å se hvor tungnemme vi er til å fatte offerkravet i kristendommen, — hvor sky og feige vi er når det gjelder å ofre og lide. I sannhet, vi trenger en frelser som er vel øvet i tålmodighet! Det er vel nettopp det som gjør at han så mesterlig forstår sig på den kunst å opdrage sine disipler. La oss tenke på hans første disipler! Han hadde ikke stor ære av dem i førstningen. Selv så langt ute i skolen som nu, da han for siste gang drog op til Jerusalem, var det som vi har sett ikke stort bevendt med deres forståelse av lidelsens nødvendighet og betydning. »De forstod intet derav.« Og dog hadde de den gang gått hele tre år i skole og det hos den beste læreremester. Men senere fikk han ære av dem. Da de på pinsefesten var blitt rustet med den Helligånd, var de ikke lenger så sky for offer og lidelse. Frimodige gikk de ut i verden med vidnesbyrdet om Kristus. Frivillig ofret de slekt og venner og fedreland. Frivillig bar de forhånelse, fengsel og mishandling. Frivillig bragte de til slutt livet som offer for sin Herre og Mester. De hadde lært å forstå den offervillige lidelsens nødvendighet og betydning både for Jesu vedkommende og for sitt eget vedkommende.

(Forts. i neste nr).

Den kristne tro.

6. Gud har skapt alt.

Gud har i sin allmakt *skapt* alle ting. For han det gjorde, eksisterte intet uten Gud selv. Han skapte det allsammen av ingenting. Han vilde, han sa at det skulde være til, og så var det til. »Han talte og det skjedde, han bød og det stod der.« Salme 33, 9.

Men det er også Gud som *holder alt vedlike*. Dersom vi kunde tenke oss at han bare et sekund drog sig tilbake fra sin skapning og ikke lenger hadde noget med den å gjøre, — i samme øieblikk vilde alt bli til intet og forsvinne uten å la spor etter sig.

Alt eksisterer alene ved ham, hans vilje holder alt ved lag.

Og likeledes er det Gud, skaperen og oppholderen, som i sin allmakt og visdom *styrer og råder* over alle ting. Hans vilje er tilslutt suverén; hans lover er det som hersker; hans tanker og planer er det som går i oppfyllelse, langsomt men sikkert; hans mål er det som alt beveger sig henimot.

Hele Guds skaperverk kan vi inndele i to store avdelinger: det usynlige og det synlige.

Dikte av Claus Frimann.

6. Spindevise.

Hiulet løber, Snellen drager
Gjennem Haanden Hør og Uld.
Hiulet standser og jeg tager
Snellen ud naar den er fuld.
O min Gud, jeg tænker paa
At mit Liv gaaer ligesaa.
Livets Hiul du Gang har givet,
Gjennem din Haand løber Livet.

Fjærend Traaden ud er spundet,
Let jeg den afslide kan.
Saa hvor fided ved jeg Stunden
Da mit Liv du ende kan.
O, den Levetraad du gav,
Slid den ei i Vrede af!
Nei, lad vore Levetraade
Gjennem din Haand gaae i Naade.

Faderlig erindret blive,
Gud, af dig min Tarv og Trang!
Du som Lykkens Hiul kan drive,
Sæt og Hiul for mig i Gang!
Denne Haand formaaer kun lidt,
Denne Fod ei kommer vidt.
Hvad mit Legem skal bedække,
Gud, det vilde du mig række!

Hjærrer voxer, Faaret trives,
Marken klædes, Græsset groe!
Lad med taalig Helbred gives
Hiertefred og Huseroe!
Løbende skal da mit Hiul
Legemet berede Skiul.
Syngende skal jeg med Glæde
Takke dig for Brød og Klæde.

(Anmerkning: Hør = lin).



Våre døde.

16. febr.: Severin Jonsson Horn, g. gbr.; f. 1868 i Sunda; magesjukdom.

22. febr.: Oleanna Andreasdr. Berle, kona til Anton S. Berle; f. 1871 i Dalsbotten i Bremanger; brokk.

25. febr.: Kristen Midthjell, son til lærar P. Midthjell, Bryggja; f. 1922; tuberkulose.

I di bok vart dei alle oppskrivne,
dei dagar som vart fastsette, då
ikkje ein av deim var kornen.

Salme 139, 16.

Notisar.

Døypte: 22. mars: Helge, f. 19. oktober av f. Jens Jensson Husevåg og k. Agot Monsdr. (f. Iversen).

Ektevigde: 22. febr. i Totland Alf Larsson Maurstad og Isalina Johansdr. Varpe, Bremanger.

Skuleåret tek til 1. mai. Berre dei born som fyller 7 år til den dagen, kan, etter det skulestyret har fastsett, upptakast i skulen. Dersom klassene er små, kan yngre born få vera med i undervisninga; men dei vert ikkje innførde i protokollen og vert ikkje rekna for å vera upptekne i skulen. Dei kan soleis heller ikkje utskrivast or skulen fyrr i det året då dei har fylt 14 år fyrr 1. mai. Byrjar dei fyrr dei er 7 år, lyt dei alto gå 8 år i skulen.

For 100 år sidan. Vigde: 17. april 1836 ungkarl og adjungeret lensmand Peder Kjøllesdal, son til lensmand Peder Gregoriussen, 26 år, og Brithe Totland, 23 år, dotter til Rasmus Jensen. — Døde: 5. april Magdeli Christophersdr. Hornet, gaardmandskone, 37 aar. 10 april Rasmus Uldrichsen Wiig, gaardmand, 69 aar. 26. april Anne Uldrichsdr. Vingen, gaardmandskone, 68 aar. 21. april Susanne Zachariasdr. Veedmaalsviig, tjener, 28 aar.

Gudstenester:

2. sund. etter påske, 26 april: Totland.

3. —»— 3. mai: Davik.

4. —»— 10. mai: Rugsund.

5. —»— 17. mai: Aalfot.

Kristi himmelferdsdag, 21. mai: Davik.

Ved alle gudstenester altargang um nokon ynskjer det.

Konfirmantfinnskriving og fyrste gongs lesing vert det i Davik torsdag 30. april kl. 10 fm., i Rugsund mandag 4. mai kl. 5 em., i Totland tysdag 5. mai kl. 5 em., i Aalfot fredag 15. mai kl. 11 fm.

Kvittering for kontingent. Fru Amalie Eide, Rasmine Blålid, John Muri, Ingvald Bortne, Peder R. Hausle, Alb. Benæs 3 kr. — Andreas Krokepollen, S. Etterdal, Henrik Daviknes, Peder Krecken, Guttorm Endal, Oline Mettenes (Hestenesøyra), R. Vingelven 2 kr. — Peder K. Maurstad, H. H. Hamre, J. B. 2.50. Tilsaman kr. 39.50.

Hjarteleg takk til alle.

Ei trollkjerring i Davik.

(Framhald frå nr. 66).

Hjå Anders Totland låg ho i tvo døger som daud, og alle trudde livet var sløkt. Ein liten gut vilde prøva um ho verkeleg var

daud, og gjekk inn i romet der ho låg. Då mori kom inn, levde Gjertrud og sa at guten skulde få skåm fordi han vekte henne. Og då ho fór frå garden, vart guten so sjuk at han var frå vitet eit fjordungår. Gjertrud sa sjølv at ho hadde bede hunden bite han i hovudet og føtene. — Hjå Steffen Taklo fekk ho ei skål mjølk. Dette tykte ho var ring traktering og lova ilt. Noko etter vart dotter hans so sjuk at ho vart krypling heile livet. Det var hunden som hadde bite henne, sa Gjertrud. — Hjå soknepresten sin, hr. Samuel Bugge til Eid — Davik høyrde då til Eid — hadde ho tri gonger stade offentleg skrifte for sedløyse. Og fór retten sanna ho at ho hadde fått fem born, endå ho var ugift, det eine med ein Anders Kobberslager. Det døydde og vart gravlagt »sønder ved Bergen paa et Field kaldet Hecklefield«. — Dette var ein tilhaldsstad for farande fant og lause kvinnfolk attmed Rothaugen i Bergen. Vestlendingane heldt det for ein samlingsstad for trollkjerriingar.

I 1652 kom Gjertrud til Ola Skram, det noverande Måløy. Der låg ho som daud i tri dagar, og folk visste ikkje anna enn livet var sløkt. So fekk mannen i huset grannane med seg, som skikk var, og laga likkiske åt henne. Dei sende og bod på syster hennar, ho Maritte, og ho sveipte henne i eit åklæde som mor hans Ola gav henne. Då dei la henne i kista var ho hard og stiv som ein stokk, nett som eit anna lik. Sidan bar dei kista ned til sjøen og rodde nord gjenom Ulvesundet til den gamle kyrkjegarden på Kapellneset. Men då dei var komne halvveges, ropte det i kista: »Lat upp! Eg ligg so trøngt!« Der vart vel oppstuss! Dei la til land og fekk loket av. Og der reiste Gjertrud seg. Næraste garden var Saltkeilen på hi sida sundet. Dif rodde dei no, og ho gjekk sjølv upp i garden med åklædet ikring seg. Men likkista stod i fjøra i mange år deretter, so alt folk derikring hadde set henne. Gjertrud sa sjølv for retten at hunden kom til henne i kista og vekte henne. Ein annan gong var dei komne heilt til kyrkjegarden med henne, då ho spende ut gavlen på kista og sprang ut. Alt dette står i rettsprotokollane.

Gjertrud Honnskor hev sikkert vore i høg grad hysterisk og trudde sjølv at ho hadde

selt seg til den vonde og kunde setja vondt på andre. Ho vart dømd til å brennast levande fordi ho »med Satan udi en Svart Hond's Skickelse haffuer brugt till at gjøre disse offuerbeviste baade paa dem Sellf, Huse og Eyendom Skade. Ja endogsaa at same Hond haffuer kommit hinde til at ligge død og opvacte hinde. Effter saadan Proff og hindis eegen Bekiendelse som hon meget goffueligen haffuer handlet og bedriffuet tør wy og ey vederstaa hender at befri fra Baal og Brand med mindre den gunstige Offrighed under Suerdet will benaade.« — Ho slapp å verta brend, men vart halshoggi på Davik 23. juli 1658. Dagen fyrr ho vart avretta tok ho uppatt skuldingane mot ei onnor trollkjerring, som sat arrestert på grunn av det Gjertrud hadde fortalt. Lisbet hadde mjølka ihel fleire kyr i Bremanger, og ho vart mykje argare i sin trolldom enn Gjertrud sjølv. Men ein kan ikkje sjå at saki mot Lisbet hev vore fylgd lenger. — Sokneprest Bugge opplyste for retten at både mor og bestemor hennar Gjertrud var brende for trolldom.

I Davik var der og gjort freistnad på å reisa ei trolldomssak mot Kristofer Maurstad; men det gjekk ikkje. Han skulde ha selt noko smør i Bergen med »Uhumskheder udi«, blå hår, kjøtstykke og meir. Men kona hans kunde opplysa, at alt saman kom av at ei mus hadde drukna i rjomen og vart kinna i stykke. Det var altso ikkje trolldom og då fekk det skura.

Er heidningmisjonen luksus?

Dette spørsmålet har nyleg vore livleg diskutert i svenske blad. Sume held fram, at det er å øyda vekk pengar når ein i desse trønge tider sender mest 5 millionar kroner for året ut or landet til misjonsarbeidet. Frå den andre sida hevdar dei, at desse pengane går til kyrkjer, skular, sjukehus og sælebotsarbeid millom ulukkelege medmeneskje og difor er alt anna enn »burtkastak«. Når det svenske folket har råd til å bruka upp 296 millionar kroner kvart år til rusdrykk og 134 millionar til tobakk, og Stockholm åleine legg ut 14 millionar berre til moro, kino, o. s. h., so vert det vel helst komisk å jamra over, at desse 5 millionar til misjonen er »luksus« og til skade for landet.